

Årsmelding 2025 Bordgleder Kinn Kommune KF



Styret og leiing

Styret i Bordgleder hadde fram til nyvalet i 2025 følgjande samansetnad:
Jacob Nødseth (styreleiar), Bjørn Løkkebø Halsnes, Torgunn Eikevik (nestleiar), Petter Refsnes og Tore Skarstein (tilsette sin representant).

Kommunestyret valde i sak 044/25 i møte 10.04.2025 nytt styre for føretaket:
Jacob Nødseth (styreleiar), Petter Refsnes (nestleiar), Lone Bareksten, Madelen Hopen og Tore Skarstein (tilsette sin representant).

Dagleg leiar i føretaket er Halvor J. Halvorsen.

Verksemd og kundegrunnlag

Bordgleder Kinn Kommune KF har som hovudoppgåve å levere måltidstenester til omsorgstenestene i Kinn kommune. Dei største kundane er kommunen sine institusjonar og heimebuande brukarar av matombringingsstenesta.

Føretaket har òg eksterne kundar, mellom anna to ferjeselskap. Eksternt sal vert nytta for å utnytte produksjonskapasiteten ved det nye kjøkkenet i Florø og bidra til ei meir berekraftig drift.

Totale driftsinntekter i 2025 var kr 15 430 889.

Bordgleder legg vekt på god dialog med alle kundar og samarbeidspartnarar.

Leveransar til Kinn kommune

Matombringing

- levering av middag til heimebuande brukarar i Kinn kommune.

Dagtilbod

- levering til dagtilbod i Florø sentrum

- levering til dagtilbod i Eikefjord.

Institusjonar

- Kulatoppen omsorgssenter (helg og høgtidsdagar)
- Florø omsorgssenter
- Furuhaugane omsorgssenter
- Markegata 55

I tillegg leverer Bordgleder møtemat til ulike einingar i Kinn kommune.

Barnehagar og SFO

Bordgleder har i 2025 levert varm mat til 3–4 barnehagar i Kinn. Det har vore særleg fokus på fiskerettar til bana.

Eksterne leveringsavtalar

Bordgleder leverer måltid til fleire ferjer på Vestlandet.

- leveransar til tre ferjer i Sogn
- kioskprodukt på enkelte fartøy
- leveransar til to ferjer i Møre og Romsdal
- leveransar av konseptet «overtidsmat 24/7»

«Overtidsmat 24/7» er eit nyutvikla konsept der kunden har overtidsmat til sine tilsette tilgjengeleg heile døgnet utan ventetid. Det gir meir fleksibel drift og varm mat til kundens tilsette til ei kvar tid. Dette er eit tilbod som ikkje andre lokale aktørar tilbyr.

Hovudtrekk i drifta i 2025

2025 var første heile driftsår i dei nye lokala i Florø. Erfaringane frå det første driftsåret viser at målet om å etablere eit moderne og effektivt produksjonskjøkken er nådd. Det nye kjøkkenet legg til rette for gode arbeidsforhold, høg matsikkerheit og meir effektiv drift.

I løpet av året er det etablert nye rutinar for internkontroll innan mattryggleik (IK-mat), arbeidsplanar og HACCP-system. Dette har medført at Bordgleder frå januar 2026 er EFTA-godkjent, noko som er ei strengare og meir omfattande godkjenning innan mattryggleik.



Produksjonskapasiteten ved kjøkkenet er dimensjonert for å møte den venta veksten i talet på eldre i kommunen fram mot 2035. Dette inneber at føretaket i dag har ein restkapasitet som kan nyttast til eksternt sal.

Utover dette leverer Bordgleder tenester i tråd med oppgåvene som er definerte i føretaket sine interne styringsdokument og i kommunen sine eigarstyringsdokument.

Økonomisk resultat

Sjølv med aukande matvareprisar og generell prisvekst i samfunnet, har prisane frå Bordgleder til Kinn kommune ikkje vorte auka utover konsumprisindeksen.

Bordgleder hadde i 2025 eit driftsunderskot på kr 1 514 162 i høve revidert budsjett.

Kostnadsnivået i føretaket ligg innanfor prognosane som vart lagde fram for kommunestyret i oktober 2023, men inntektene frå kommunen er redusert. Kostnader til løn, matvarer, emballasje, straum og andre variable kostnader har føretaket kontroll på. Reduksjon i tal tilsette vart gjennomført i løpet av 2025, og ein vil sjå effekt av dette i 2026.

Det viktigaste tiltaket for å betre økonomien i føretaket er å auke det eksterne salet. Salsarbeid krev målretta innsats over tid og gir ikkje alltid umiddelbare resultat.

I løpet av 2025 har føretaket:

- delteke i fleire anbodskonkurransar
- levert anbod både direkte og i samarbeid med nasjonal grossist til storhushaldning
- arbeid med utvikling av nye produkt retta mot kiosk- og storhusholdningsmarknaden.

Hausten 2025 gjennomførte Bordgleder, i samarbeid med Kinn kommune, ei ekstern gjennomgang av føretaket sitt kostnadsbilete og økonomiske situasjon. Gjennomgangen viste ulike scenario for kor stort eksternt sal som er nødvendig for å oppnå eit berekraftig økonomisk resultat.

Gjennomgangen avklarte òg juridiske forhold knytte til eksternt sal frå kommunale føretak og tilbakeviste fleire påstandar om at føretaket driv i strid med gjeldande lover og regelverk.

Føretaket har gjennomført alle endringar i rekneskapsføringa som vart vedtekne i kommunestyret 16. desember 2026. Nye rutinar er på plass i samråd med Kinn kommune.

Arbeid med etikk, likestilling og inkludering

I samsvar med kommunelova § 14-7 består styret av to kvinner og tre menn, og er dermed kjønnsbalansert.

Blant dei tilsette er det like mange kvinner som menn. Tillitsvald i 2025 var mann.

Dagleg leiar arbeider målretta for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø basert på prinsippa i likestillings- og diskrimineringslova § 26 om aktivitetsplikt. Styret har ingen merknader til gjennomføringa av dette arbeidet.

Personale og arbeidsmiljø

Bordgleder hadde i 2025 totalt 6,8 årsverk fordelt på 7 tilsette. To tilsette har hatt velferdspermisjon i løpet av året.

Sjukefråværet i 2025 var 18,6 %, mot 6,0 % i 2024. Oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar har skjedd i tråd med IA-rutinar og arbeidsmiljølova § 4-6. Sjukefråværet vart i liten grad dekt inn med vikarbruk, noko som førte til lågare timeforbruk i drifta i 2025.

Ved inngangen til 2026 er sjukefråværet redusert til eit nivå føretaket vurderer som akseptabelt.

Samhandling med Kinn kommune

Det er etablert ein avtale mellom Kinn kommune og Bordgleder som regulerer kva tenester føretaket skal levere til kommunen. Avtalen har lagt grunnlag for faste møte mellom kommunen sin representant og føretaket.

I desse møta har ein hatt særleg fokus på:

- leveringsrutinar
- menyutvikling og ernæring
- spesialkost til brukarar med særskilde behov.

Internkontroll og avvik

Bordgleder registrerer avvik gjennom Kinn kommune sitt avvikssystem Compilo.

Dagleg leiar orienterer styret i kvart styremøte om utvikling i tal avvik og oppfølging av eventuelle alvorlege avvik. Styret konstaterer at det ikkje er registrert alvorlege avvik i løpet av året.

Ytre miljø

Føretaket si verksemd har avgrensa påverknad på ytre miljø. Drifta medfører i hovudsak energibruk, transport og avfallshandtering.

Bordgleder arbeider systematisk for å redusere miljøbelastninga gjennom energieffektivisering, kjeldesortering og miljøkrav i anskaffingar. Det har ikkje vore registrert hendingar i 2025 som har ført til forureining av ytre miljø.

Arbeidet med å redusere energibruk og avfallsmengder vil halde fram i komande år.

Marknadsarbeid og utvikling

Bordgleder arbeider målretta for å utvikle nye marknader. I løpet av året er det etablert nye samarbeid, og føretaket har delteke i fleire anbodskonkurransar både direkte og som underleverandør.

I arbeidet med nye eksterne kundar har føretaket hatt eit godt samarbeid med Kinn kommune overfor eksterne kommunar.

Prioriterte oppgåver i 2026

Med bakgrunn i erfaringane frå 2025 vil føretaket prioritere følgjande oppgåver i 2026:

- arbeide vidare med å få avtalar med fleire eksterne kundar. Kommunestyret har i budsjettet for 2026 lagt til grunn ein auke i eksternt sal på kr 2 000 000 ut over føretaket sitt **opphevlege** budsjettforslag
- vidareutvikle rutinar for samhandling og dialog med tenestene i Kinn kommune
- gjennomføre tiltak for å halde sjukefråværet på eit akseptabelt nivå
- vidareutvikle rutinar for rekneskapsføring i tråd med krav frå kontrollutvalet
- arbeide vidare med miljøsertifisering
- utarbeide beredskapsplan for føretaket
- betre tilbodet om valfridom for heimebuande i middagsleveringa.

Florø, 18. mars 2026
Styret i Bordgleder Kinn Kommune KF

Jacob Nødseth (styreleiar)

Petter Refsnes (nestleiar)

Lone Bareksten

Madelen Hopen

Tore Skarstein (tilsette sin representant)